

## FØRESEGN<sup>1</sup>

### Detaljregulering for Bergåsstranda Naustområde, Myksvoll.

PlanID: 1263-201408.

Dato: 25.02.2016

Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø og andre tiltak som kan påverke tryggleik eller framkomst i sjøområdet krev løyve fra Bergen og om lag havnevesen (BOH). Søknaden må sendast til BOH i god tid før tiltaket vert i verksatt.

### 1. Bygningar og anlegg pbl § 12-5 nr 1 ( Bebyggelse og anlegg)

#### 1.1 Bustad (Boligbebyggelse)

BF1 og BF2 er del til Gnr. 63 bnr.14 som er godkjent som enebolig. Ingen endring.

#### 1.2. Fritidsbustad ( fritidsbebyggelse)

F er eksisterande fritidsbustad.

Følgjande gjeld ved nye tiltak:

- Maks BRA 10 % av gnr 63 bnr 11.
- Maks mønehøgd er 9 meter fra planert terren.
- Byggegrense:
  - mot midten av offentleg veg minimum 15 meter.
  - mot felle/privat veg minimum 5 meter.
  - mot nabogrense minimum 4 meter.
- Tomten skal minimum ha 2 parkeringsplassar eller garasje/carport + 1 parkeringsplass
- Det skal vera mogeleg å snu på eigen tomt.

#### 1.3. Uthus/naust/badehus

##### 1.3.1 Naust

Området er delt opp i N1 (naustrekke) og N2 (eksisterande naustområde).

I naustområdet N1 kan det innanfor byggegrensa førast opp maks 5 naust. Ei rekke på 2 naust og ei rekke på 3 naust.

Innanfor N2 er det i dag eit naust, båtopptrekk og kaiutstikk. Ingen endring i tal naust og ingen endring i bruk. Byggegrense for N2 går i føremålsgrensa. Nytt naust kan førast opp etter same krav som naust i N1 og med tilhøyrande kaifront som N1.

##### 1.3.2. Utnytting N1

Maks BYA/BRA skal pr. naust 40 m<sup>2</sup> BYA/BRA. Samla areal skal ikkje være over 200 m<sup>2</sup> BYA/BRA.

Enkeltnaust (del av naustrekke)

- 1. etasje skal ikkje BYA/BRA overstige 40 m<sup>2</sup>.
- Garnloft skal ikkje ha målbart areal.
- Areal vindauge/ dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av BRA.

##### 1.3.3. Høgde

Mønehøgda skal være maks 5 m målt frå topp ferdig golv. Utvendig knevegg på loft er ikkje tillate.

---

<sup>1</sup> OVERSKRIFT I PARENTES I ALLE OVERSKRIFT I FØRESEGN ER TEKST SOM STÅR I TEIKNFORKLARING PLANKLART ( BOKMÅL)

## 1.3.4. Terrengtilpassing

Ved byggemelding skal det leggjast fram snitt som syner forhold mellom naust/naustrekke, planert terren og havnivå. Området N1 skal ha ei planert høgde på min. 2,4 moh (meter over havnivå).

## 1.3.5. Støttemur

Evt. støttemurar - maksimal høgde på 1,5 meter. Natursteinsmur skal ikkje ha ein brattare helling enn 3:1.

## 1.3.6. Estetiske forhold

Nausta skal ha saltak med vinkel mellom 35 og 45 grader. Garnloftet kan ha vindauge mot sjø. Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.

Naust skal ikkje nyttast til varig opphold og overnatting.

## 1.3.7 Vatn - avlaup

Det vert tillate å føre fram vatn til nausta. Avlaup frå nausta vert ikkje tillate.

# **2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr 2)**

## **2.1. Veg**

### 2.1.1. Bruk av veggrunn

Veg f\_V - felles veg for dei som har naust i naustområdet og Gnr.63 Bnr.11.

Veg V1 - eksisterande veg til gnr.63 bnr.14.

Veg V2 - ny veg til gnr.63 bnr.11.

### 2.1.2. Avkjørsel /veg

Ny avkjørsel frå offentleg veg Fv 404 til felles veg (f\_V) . Eksisterande avkjørsel til gnr/bnr 63/11 vert stengt. Maksimal helling i avkjørsel skal vera -2,5 % dei første 5 m frå vegkant inn i f\_V.

Vegbredder minimum 3 meter.

## **2.2. Kai**

### 2.2.1

Kaiutstikk tilhøyrande N2 og kai K1 er eksisterande. Ingen endring. Utbetring/vedlikehald kan utførast. K2 - ny kai langs N1 med maks bredde 2 m. Kaifront skal ha treskjørt som overflate.

## **2.3. Parkeringsplass - generalisert**

### 2.3.1. Parkering

5 biloppstillingsplassar for personbilar i området f\_P.

## **2.4 Overvasshandtering**

Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass. Avrenning må førast forbi eller under naust i N.

# **3. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr 6)**

## **3.1. Friluftsområde**

I FR skal båtane fortøyast med baugen inn mot K2 og med ile i sjø.

## **4. Hensynssoner (pbl § 12-6)**

### **4.1. Sikringssone – frisikt**

Innanfor frisikt arealet er det ikke tillate med murar, gjerder eller vegetasjon høgare enn 0,5 m over tilstøytande vognivå. Terrenget skal ikke planerast høgare enn tilstøytande vognivå.